



Årsmelding 2008  
Kraftfondet  
Masfjorden kommune

## KVA ER KRAFTFONDET

Ved kraftutbygging vert regulator pålagt å innbetale ei avgift (konesjonsavgift) til kommunen som Kongen bestemmer. Regulator kan og verte pålagt å opprette eit fond i dei einskilde kommunane. Fondet og dei årlege konsesjonsavgiftene utgjer det som ein kallar for Kraftfondet.

Lovheimelen om kraftfond finn ein i Industrikonsesjonslova (14. desember 1917 nr. 16 § 2, 3.ledd, nr. 13, 6.ledd) og vassdragsreguleringslova (14. desember 1917 nr. 17 § 11 nr. 2, 2.ledd). Denne lovheimelen vart endra ved lov av 12. juni 1987 og begge lyder no slik:

*«Avgifta til fylkeskommunen og kommunane fordelast mellom desse innbyrdes etter bestemmelse av kongen for 10 år ad gangen. Avgifta avsettes særskild for kvar kommune til eit fond, som anvendes etter bestemmelse av fylkestinget eller kommunestyret. Denne myndighet kan delegeres til annet kommunalt eller fylkeskommunalt organ.»*

*Fondets midlar skal i samsvar med vedtektene undergitt vedkommande departement godkjenning, fortrinnsvis anvendes til utbygging av næringslivet i distriktene. Departementet kan delegerer myndighet til å godkjenne vedtektene til Fylkesmannen».*

Kraftfondet har ein fondskapitalen på 1. million kroner innbetalt av Bergenshalvøens kommunale kraftselskap (BKK) i medhald av punkt 12 i konsesjonsvilkåra for regulering og overføring i Matrevassdraget, oppretta ved kongeleg resolusjon av 11. desember 1964 og i medhald til punkt 2 i konsesjonsvilkåra for ytterlegare reguleringar og overføringar i Matre og Haugsdalsvassdraga i samband med bygging av Haugsdal kraftanlegg (Vemundsbotten kraftstasjon), gjeve med kongeleg resolusjon av 8. februar 1980.

Fondskapitalen er lik grunnkapitalen, dvs. 1 mill.kr., og midlar som blir tilført årleg omlag 2,3 mill.kr. i konsesjonsavgift og elles rente av fondskapital og rente- og avdrag kraftfondutlån. Dette medfører at kommunen årleg har i overkant av 2 mill.kr. til disponering gjennom kraftfondet.

## FØREMÅLET MED KRAFTFONDET

**Det overordna målet med å bruka kraftfondet er å fremja etablering av nye verksemder, og å vidareutvikle eksisterande verksemder.**

Kraftfondet skal i fyrste rekkje nyttast til næringsføremål. Fondet kan også nyttast til kommunale tiltak. Prosjekt som har til føremål å betra vilkåra for sysselsetjinga for kvinner og ungdom bør prioriterast. Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld eller til den daglege drifta av verksemder og kommunen. Det bør heller ikkje gjevast stønad til verksemder som mottar vesentlege overføringar over statsbudsjettet. Fondet sine midlar skal berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar.

### Former for stønad

Stønad kan gjevast i form av lån og/eller tilskot.

Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private bedrifter. Dersom kommunen teiknar aksjar, kan dette ikkje utgjere meir enn 30% av aksjekapitalen i bedrifta. Denne avgrensinga gjeld ikkje for utviklingselskap, utleigebygg o.l som kommunen etablerer i samarbeid med private interesser.

## VILKÅR FOR STØNAD

Samla finansiering frå kraftfondet til private næringsstiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25% av den samla kapitaltrongen for eit prosjektet. Prosjekt som har til siktemål å skaffa arbeidsplassar for ungdom & kvinner skal prioriterast. Ved bedriftsutvikling kan det gjevast inntil 75% stønad.

Stønaden (tilskot og eventuell subsidiar i samband med lån med redusert rente) skal vera innafor EØS sine reglar for offentleg stønad – stønad skal ikkje utgjere meir enn om lag kr. 850.000 innafor ein 3-års periode.

Stønad over (100.000 ECU/850.000 NOK) denne summen skal rapporterast til Nærings- og handelsdepartementet.

# VEDTEKTER & RETNINGSLINER



Det er utarbeid egne vedtekter & retningslinjer for bruken av kraftfondet. Disse bygger på standardvedtekter fastset av Kommunal- og regionaldepartementet. Retningslinjene vart sist revidert med endeleg vedtak den 23.09.08 gjennom Kommunestyrevedtak i sak 72/2008.

## Endringane i høve tidlegare retningslinjer;

Avsnittet med formuleringa – ” Det kan og gjevast stønad til prosjekt med lågare kapitaltrøng enn det som kvalifiserer til stønad frå distriktpolitiske verkemiddel. For stønad til slike tiltak gjeld slik avgrensing” vert fjerna.

## Beløpsgrenser for støtte gjennom kraftfondet;

- Bedriftsutvikling kr. 40.000,-
- Investeringar kr. 200.000,-
- Utlån kr. 500.000,-

## Teksten;

For større prosjekt kan kommunen sjølv avgjere om desse skal få stønad frå kraftfondet eller sendast til SND for vurdering.

## Vert endra til;

Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt. For større prosjekt (samla kapitalbehov utover 500.000,-) skal søkjar først avklare mogleg støtte gjennom innovasjon Noreg eller andre regionale støtteordningar, før kraftfondet tek saka opp til handsaming.

Under opplisting av tiltak som ikkje skal gjevast støtte over kraftfondet, kjem det eit nytt kulepunkt kring transportmiddel;

## Tiltak som ikkje skal gjevast stønad over kraftfondet:

- Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld i private bedrifter. Dette set ikkje hindringar for at kraftfondet kan nyttast til refinansiering av ei bedrift etter foreteke gjeldssanering.
- Det kan heller ikkje gjevast stønad til løpande drift av kommunen. Unnateke løn til næringsarbeid, som kan finansierast av fondet. Vidare kan det gjevast stønad til ekstraordinære kommunale tiltak som i utgangspunktet er lagt til andre forvaltningsinstansar som for eksempel Prosjekt Einekavane A/S.

Avdrag på lån vert ikkje rekna som løpande drift av kommunen.

- Transportmiddel (bil, varebil, lastebil, traktor etc.) fell i utgangspunktet utafor det som kraftfondet gjev støtte til.

# ÅRSBUDSJETT KRAFTFONDET

Det vert gjort ein konkretisering av sum frie fondsmidlar til fordeling mellom lån og tilskot.

## Årsbudsjett 2008 for Masfjorden kraftfond;

<b>Intekter:</b>	
Påfyll kraftfondet	-2 340 000
Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	- 90 000
Renteinntekter, fondsmidlane	- 140 000
<b>Sum inntekter</b>	<b>-2 570 000</b>
<b>Utgifter:</b>	
LVK, reiselivslaget og regionrådet – tilskot/kontigent	200 000
Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	150 000
Informasjon/heimesida/Masfjordingen	30 000
Næringsarbeid innan kommuneadministrasjonen	100 000
Sertifikatorordninga	100 000
Netto tilføring kommunen's driftsbudsjett 32504	40 000
Tilrettelegging bustadforemål	460 000
Elevbedrift	30 000
Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning	10 000
Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	100 000
Etableringsstipend	150 000
Frie fondsmidlar til fordeling	1 200 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>2 570 000</b>

# ANDRE FORHOLD KRING VEDTEKTENE

Tilskotet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varig driftsmiddel/verksemd/tilskots- grunnlag før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i i høve til den tid som er gått – til dømes vil sal etter 3. året tilseie at kommunen skal ha tilbakeført 2/5 av tilskotet.

Alle søkjarar til kraftfondet skal verta invitert til kraftfondsstyret eller kommunestyret for å få presentert prosjektet/forretningsideen sin. Etter tre år skal søkjar som har motteke lån/tilskot få eit evalueringsskjema der dei vurderer kommunen sin medverknad i høve til lån eller tilskot og kva servicenivået har betydd for dei.

## STRATEGISK NÆRINGSPLAN

Rullering og ajourhald av strategisk næringsplan og utarbeiding av strategiar og overordna styringssignal for kraftfondet er ikkje utført i 2008.

Kommunestyret vedtok i møte den 17.12.98 at «kommunestyre skal innan utgangen av oktober framføre nytt budsjettår, gjennomgå prinsipielle og strategiske sider ved bruk av kraftfondet med utgangspunkt i Strategisk næringsplan. Dette skal vera retningsgivande for kraftfondsstyret si fordeling av disponible midlar kvart år».

Det er blitt utarbeidd budsjett for bruken av kraftfondet dei siste åra som oppfølging av vedtaket.

## KRAFTFONDSTYRET I 2008

Det er eige styre for kraftfondet (f.t. identisk med formannskapet) og det vert ført eiga møtebok for kraftfondet.

Styret i kraftfondet har hatt slik samansetjing

- leiar ordførar Håkon Matre, H
- Kari Skår Sørheim, KrF.
- Dina M.K.Dyrhovden/Laila Solhaug  
Reknes, Ap.,
- Vigdis Søvik, Sp og
- Willy Borge, FrP

Frå administrasjonen si side har i all hovudsak ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen arbeidd med nærings saker overfor kraftfondsstyret. Det vart handsama 29 saker i kraftfondsstyret fordelt på 6 møte – 15. april, 7. mai, 5 & 19.juni., 16.september og 3. desember. Med andre ord ein bra/normal aktivitet (2007 hadde ein 2 møte og 6 saker).

Tildeling av midlar gjennom kraftfondet skal i utgangspunktet / hovudsak skje gjennom 2. tildelingar, kor hovuddelen var lagt til september med søknadsfrist 15. juni. Andre tildeling skjedde i desember med søknadsfrist 1. november.

Det er laga eige søknadsskjema for søknader til kraftfondet



## BUDSJETT 2008/FRIE MIDLAR I KRAFTFONDET

Kommunen budsjetterte med kr. 2.570.000 i inntekter til kraftfondet i 2008. 1,2 mill.kr. av desse midlane er midlar til fordeling til næringsforemål (til bedrifter i kommunen) etter eigne vedtekter og retningslinjer. Sjå elles budsjett side 3.

## TILDELING AV FRIE MIDLAR FRÅ KRAFTFONDET I '08

Fordeling av "frie" midlar frå kraftfondet vert prøvd avgrensa til 2 gonger årleg, kor søknadsfrist vert gjort kjent med kunngjering i lokal pressa. Denne ordninga

vil venteleg gje eit betre grunnlag for heilskapleg vurdering av søkerane relatert til avgrensa disponible midlar i kraftfondet. Søknadsfristar 15. juni og 1. november.

Etter vedtak kring budsjett 2008 vart det sett av 1,2 mill.kr. til ordinær fordeling av stønadsmidlar gjennom kraftfondet. Det vart løyvd stønad med kr. 1.222.780, ca. 30% som lån og 70% som tilskot.

## UTLÅNSRENTA I KRAFTFONDET

Renta for utlån kraftfond skal fylgja husbanken lågaste flytande rente. Dette inneber at renta vert fastset kvarttalvis heretter.

## FORVALTNING AV UTLÅNA

Masfjorden kommune har vedteke at forvaltning av utlåna (kraftfond, etableringslån m.m.) skulle overførast til forvaltningsavdelinga hjå sparebanken Vest jf. formannskapsvedtak sak 14/95, noko som har vorte praktisert frå år 2000.



# SAKER HANDSAMA AV KRAFFTONDSTYRET I 2008

## Kraftfondssaker 2008

Sak nr.	Søkjær/tiltak	Søkt om		Løyd		handsama av kraftfondet;	K-styre handsaming	Brukte midlar '08	Unyitta midlar '08
		Tilskot	Lån	Tilskot	Lån				
	Budsjett 2008 - Masfjorden kraftfond								
	Fylkesmannen - prosjekt småkraft (3 årig tildeling 2006)								
1.	Skriv- og melding til kraftfondsstyret	0	0	14 000	0	15.04.2008		14 000	1 200 000
2.	Armsmelding kraftfondet 2007	0	0	0	0	15.04.2008	22/08 - 22.4.08	0	1 186 000
3.	Norwegian roots	0	250 000	0	250 000	15.04.2008	34/08 - 22.4.08	250 000	936 000
4.	Matre hotel/Matre eigedom	50 000	0	50 000	0	08.05.2008	15/07 - 26.4.07	50 000	886 000
5.	Skriv- og melding til kraftfondsstyret	0	0	0	0	05.06.2008		0	886 000
6.	Hosteland dampskipsskai	59 000	0	30 000	0	05.06.2008		30 000	856 000
7.	Aina Sleire	187 500	0	90 000	0	05.06.2008	52/08 - 19.06.08	90 000	766 000
8.	Masfjorden næringspris - fastsetjing av pris					05.06.2008		0	766 000
9.	Henning Skuggedal	132 000	0	132 000	0	19.06.2008	51/08 - 19.06.08	132 000	634 000
10.	Elexoma Nordic AS	200 000	300 000	0	0	19.06.2008	50/08 - 19.06.08	0	634 000
11.	Skriv- og melding til kraftfondsstyret					16.09.2008		0	634 000
12.	Hege M. Søvik - frisørsalong	100 000	0	30 000	0	16.09.2008	69/08 - 23.9.08	30 000	604 000
13.	Masfjorden naturseier	150 000	0	100 000	0	16.09.2008	70/08 - 23.9.08	100 000	504 000
14.	revidering av vedtektene for kraftfondet					16.09.2008	72/08 - 23.9.08	0	504 000
15.	Elexoma Nordic AS - ny søknad i forhold til sak 10/08 jf. K-styrevedtak 19.6	160 000	0	40 000	0	16.09.2008	71/08 - 23.9.08	40 000	464 000
16.	Skriv- og melding til kraftfondsstyret den 3.12.					03.12.2008		0	464 000
17.	Småkraft - 08/732	15 000		0		03.12.2008		0	464 000
18.	Asmund Kvinge	50 000		40 000		03.12.2008		40 000	424 000
19.	Annette Thorsheim 08/738	16 780		16 780		03.12.2008		16 780	407 220
20.	Knut A. Areklett 08/807	150 000		0		03.12.2008	108/08-11.12.08	0	407 220
21.	Veronica Hjartholm, 08/808	80 000		30 000		03.12.2008	104/08-11.12.08	30 000	377 220
22.	Arne Berg - Berg fritid 08/809	90 000		40 000		03.12.2008	107/08-11.12.08	40 000	337 220
23.	Ørjan Langhelle 08/828	150 000		40 000		03.12.2008	105/08-11.12.08	40 000	297 220
24.	Gunnar Trædal 08/827	200 000		50 000		03.12.2008	103/08-11.12.08	50 000	247 220
25.	Leif Bjarne Kvinge 08/836	80 000	170 000	0	120 000	03.12.2008	102/08-11.12.08	120 000	127 220
26.	Karen M. Sleire 08/829	160 000		50 000		03.12.2008	101/08-11.12.08	50 000	77 220
27.	Forstudie nytt hotell i Stordalen	100 000		100 000		03.12.2008	106/08-11.12.08	100 000	-22 780
28.*	Utviklingsmidlar til landbruket i Masfjorden					03.12.2008			
29.	Budsjett 2009 - Masfjorden kraftfond					03.12.2008	99/08 - 11.12.08		
	<b>Merknader til oppstillinga:</b>			<b>852 780</b>	<b>370 000</b>			<b>1 222 780</b>	

\* løyving innarbeidd i sak 29/08 - budsjett kraftfondet 2009

**Sum tildeling frie fondsmidlar 2008**

**1 222 780**

**Sum fordelt utover ramme for frie fondsmidlar 2008;**

**-22 780**

# REKNESKAPEN 2008

	Budsjett	Rekneskap
<b>Inntekter:</b> Påfyll kraftfondet	-2 340 000	-2 362 732
Sal av bok		-3 389
Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-90 000	-99 198
Renteinntekter, kun av utlåna - ikkje fondsmidlane	-140 000	-18 983
<b>Sum inntekter</b>	<b>-2 570 000</b>	<b>-2 484 302</b>
<b>Utgifter:</b> LVK, reiselivslaget og regionrådet – tilskot/kontigent 2007	200 000	285 902
Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	150 000	305 801
Informasjon/heimesida/Masfjordingen	30 000	0
Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000	100 000
Sertifikatorordninga	100 000	18 000
Netto tilføring kommunen´s driftsbudsjett 32504	40 000	18 983
Tilrettelegging bustadføremål	460 000	939 476
Elevbedrift	30 000	0
Kabelferjedrift - delfinansiering utvida rutetilbod	100 000	0
Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning *	10 000	9 982
Etableringsstipend	150 000	60 000
Frie fondsmidlar til fordeling	1 200 000	747 500
<b>Sum utgifter</b>	<b>2 570 000</b>	<b>2 485 644</b>
Meirforbruk i forhold til budsjett 2008 for kraftfondet		1 342

## Kommentarar til rekneskapen

**Inntekstpostane** gjeld årleg tilføring som konsesjonsavgift frå BKK, årlege tilbakebetalingar på utlån av kraftfondsmidlar (rente- og avdrag) – det er innfridd to lån i 2008, 1 nytt utlån (forskottering i påvente av utbetaling av tippemidlar) og 1 tap på utlån. Avdrag i samsvar med budsjett. Det er kun ført renteinntekter av utlån, og ikkje fondskapitalen under renter. Renteinntekt utlån er og ført tilbake til fondskapitalen. Sal av boka ”fotturar i Masfjordfjella” har gjeve ei inntekt på kr. 3.389,- som gjev ei samla salsinntekt 111.005,- og prosjektet hadde ein kostnad på 154.700,- (trykke kostnad forskottert gjennom kraftfondet).

Bruk av kraftfondet følgjer som spesifikasjon utgifter og i år er det til dels store avvik mellom budsjett og rekneskap for dei einkilde postane, men samla sett om lag i balanse. For sertifikatorordninga er det utbetalt tilskot til 6 (13 i 2007 og 28 i 2006) som har teke førarkort a 3.000,-. Det er utbetalt 2 etableringstilskot, mot budsjettet 5 á 30.000,-. Det er brukt av kraftfondet med i alt kr. 939.476 til tilrettelegging bustadføremål, innarbeidd i kommunebudsjettet med 1 mill.kr., medan budsjettet til kraftfondet ikkje vart justert tilsvarende. Div. kontingentar og medlemskap i tråd med budsjettet sum i kommunebudsjettet med 285.902, som avvikte i forhold til kraftfondsbudsjettet på 200.000. Det vart sett av 1,2 mill.kr. til frie fondsmidlar i budsjett, vesentleg mindre utbetalt, noko som skuldast tidsforskyving i frå vedtak er fatta til at grunnlaget for utbetaling er på plass. I alt kr. 747.500 vart utbetalt. Stor aktivitet i form av kjøp av mjølkekvotar i '06 – ingen innan fristen i 2007 – ein kom på nyåret, og går av 2008 rekneskapen med kr. 9.982. Til elevbedrifter underlagt ungdomsrådet er det ikkje løyvd eller utbetalt tilskot/lån i 2008. Utvida rutetilbod kabelferja er finansiert med 100.000 gjennom kraftfondet i 2008 – ingen utbetaling i 2008. Kraftspelet er netto utgiftsført med 305.801, som er omtrent det doble av budsjettet for 2008 arrangementet. Budsjettet var på 150.000,-. Kr. 100.000 er inntektsført i driftsrekneskapen til kommunen som generell inntektskompensasjon for næringsarbeid



Utlån kraftfondet pr. 31.12.08 er på kr. 508.745 og samsvarer med balansepost 2.2270.004 i kommunerekneskapen for 2008. Vidare er det ført mellombels utlån til Stordalen skisenter as med kr. 700.000 under balansepost 2.2270.005 som forskottering av spelemidler jf. Kommunestyrevedtak. 1 tap på utlån i 2008.

Namn:	Saldo pr. 31.12.08
Haugsvær, Forde	31 315
Mors kjøkken	45 126
Fjon båtlag	57 000
Eurofisk AS	140 000
Andvik Svein	63 330
Erik Kvinge	127 221
Camedia digital	44 753
	<b>508 745</b>

Tap på utlån, Matre eigedom (Matre hotell) med kr. 216.455,-



*Duesund øy*



*Skitrekke i Stordalen*

Ein har elles mellombelse utlån gjennom kraftfondet som;

- Matre bygdelag, forskottering med 20.000
- Tilrettelegging for straum til framtidig bustadfelt Duesundøy, med 111.476
- Turbok, status saldo utlån kr. 43.695

## Tildeling av stønadsmidler (2001 – 2008) som ikkje er utbetalt/nytta pr. 31.12.08

- 1) sak 6/2001 – Bustadstifting med kr. 200.000 i tilskot.
- 2) sak 9/2004 – Turkart – løyving frå kraftfondet med kr. 25.000
- 3) sak 15/2004 – Eurofisk – løyving frå kraftfondet med kr. 50.000 i tilskot
- 4) sak 9/2005 – Camedia – løyving frå kraftfondet til 12.500 i tilskot
- 5) sak 5/2005 – Erik Kvinge – løyving frå kraftfondet til 35.000 i tilskot.
- 6) sak 6/2007 – Erik Kvinge løyving frå kraftfondet med 450.000 (iskremsdelen).
- 7) sak 12/2008 – Hege M. Søvik, siste del av tilskot frå kraftfondet med 15.000
- 8) sak 13/2008 – Masfjorden naturcenter, løyving frå kraftfondet med 100.000.
- 9) sak 15/2008 – Elexoma Nordic AS, løyving frå kraftfondet med 40.000.
- 10) sak 18/2008 – Åsmund Kvinge, løyving frå kraftfondet med 40.000 (utbetalt 2009)
- 11) sak 19/2008 – Annette Thorsheim, løyving frå kraftfondet med 16.780.
- 12) sak 22/2008 – Arne Berg – Berg fritid as, løyving frå kraftfondet med 40.000 (utbetalt 2009)
- 13) sak 23/2008 – Ørjan Langhelle, løyving frå kraftfondet med 40.000 (utbetalt 2009)
- 14) sak 24/2008 – Gunnar Trædal, løyving frå kraftfondet med 50.000
- 15) sak 25/2008 – Leif Bjarne Kvinge, løyving frå kraftfondet (lån) med kr. 120.000
- 16) sak 21/2008 – Vernoica Hjartholm, løyving frå kraftfondet med 30.000 (50% akonto utbetalt 2009)
- 17) sak 26/2008 – Karen M. Sleire, løyving frå kraftfondet med 50.000 (50% akonto utbetalt 2009)
- 18) sak 27/2008 – Forstudie nytt hotell i Stordalen, løyving med 100.000 (50% akonto utbetalt 2009)

⇒ totalt kr. 1.414.280,-.

# ETABLERINGSTILSKOT

**Kommunestyret handsama nytt regelverk for etableringstilskot i møte 18.04.2005, som sak 19/05 – med justering av satsane under Kommunestyremøte 11.12.2008, sak 99/08.**

Ordning med etableringstilskot vert innført som ei fast ordning med følgjande regelverk:

1. Det kan gjevast etableringstilskot til førstegongs etablering med eigen privat bustad i Masfjorden kommune med kr. 40.000,- for dei under 35 år, og kr. 30.000,- for dei mellom 35 år og inntil ein fyller 40 år. Det vert ikkje gjeve tilskot til etablering gjennom kjøp og overtaking av hus og gardsbruk.
2. Etableringstilskot vert berre ytt til ungdom i etableringsfasen. For å koma innfor definisjonen ”ungdom i etableringsfasen”, må søkjaren vera under 40 år den dag mellombels bruksløyve/ferdigattest ligg føre.
3. Søknadsfrist vert sett til 1. september kvart år, for utbetaling i neste budsjettår, slik at midlane til etableringstilskot kan innarbeidast i årsbudsjettet til kraftfondet.
4. Ved søknaden må det leggjast ved attestasjon på at søkjaren er byggherre, og skal vera eigar av huset.
5. Etableringstilskotet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av bustad eller flytting frå kommunen før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tid som er gått.
6. Rådmannen får fullmakt til å ta stilling til innkomne søknader.
7. Etableringstilskotet kan betalast ut etter nærare vurdering når mellombels bruksløyve eller ferdigattest føreligg.

## ELEVBDRIFT

### REGELVERK FOR TILDELING AV STØNAD GJENNOM KRAFTFONDET

1. Ordninga med stønad til elevbedrifter vert utlyst ved starten på haustsemesteret og starten på vårsemesteret.
2. Frist for søknad på hausten er 1. oktober.
3. Frist for søknad på våren er 10. februar.
4. Skulane har ansvarshavande lærar som har ansvar for drift og økonomi i bedriftene.
5. Søkjaren må ha kontonummer pengane vert overført til.
6. I søknaden må det gå fram kva stønaden skal nyttast til. Stønaden vert utbetalt som ein eingongssum. Elevbedrifta sender så rekneskap som viser at midlane er nytta i samsvar med søknaden. Eventuelle endringar må meldast ny søknad og sendast rådmannen for godkjenning. Unytta midlar må betalast tilbake til kommunen.
7. Alle elevbedriftene må senda ferdig attestert godkjent rekneskap til rådmannen.
8. Rektor har ansvar for at skulen har etablert ei ordning der ein tilsett attesterer og godkjenner rekneskap.
9. Dei produksjonsmidlane bedriftene med stønad kjøper inn, er skulen sitt eige når bedrifta vert lagt ned. Framtidige bedrifter kan leiga produksjonsmidlet hos skulen for ein avtalt sum. Leigesummen tilfell skulen.
10. Dei elevbedriftene som får tildelt lån, må skriva under ein låneavtale med plan for tilbakebetaling.

### RETNINGSLINER FOR BRUK AV KRAFTFONDMIDLAR

- §1. Kommunestyret stiller kvart år til rådvelde sum til fordeling (– har vore 30.000,- årleg).
- §2. Det vert kunngjort kvart år kva midlar ein har til fordeling.
- §3. Dei som kan søkja er.  
Elevbedrifter ved skulane. Dei sender søknaden gjennom rektor til ungdomsrådet  
Ungdom i aldersgruppa 12-19 år som sjølv skal starta opp si ungdomsbedrift. Tiltak som legg vekt på og har fokus på ungt entreprenørskap.
- §4. Det kan tildelast maksimalt 5 000 til kvar bedrift. Av dette kan tilskotet vera maksimalt 2 500.  
Ungdomsrådet (evt. rådmannen når ungdomsrådet ikkje er operativt) gjer vedtak innfor avsett ramme til føremålet.





# VEDTEKTER FOR MASFJORDEN KRAFTFOND

**Kommunestyret handsama i 2008 revisjon av vedtektene for kraftfondet. Gjeldande vedtekter er etter vedtak den 23. september 2009 i Kommunestyresak 72/2008. Vedtektene med retningslinjer følger på påfølgjande sider.**

## § 1 Kraftfond - Heime, kapital og avkastning

### a. Fondskapitalen er:

Kraftfond på 1. million kroner, innbetalt av Bergenshalvøens kommunale kraftselskap(BKK) i medhald av punkt 12 i konsesjonsvilkåra for regulering og overføring i Matrevassdraget, oppretta ved kongeleg resolusjon av 11. desember 1964 og i medhald til punkt 2 i konsesjonsvilkåra for ytterlegare reguleringar og overføringar i Matre og Haugsdalsvassdraga i samband med bygging av Haugsdal kraftanlegg (Vemundsbotten kraftstasjon), gjeve med kongeleg resolusjon av 8. februar 1980.

### b. Avkastning:

- Årleg konsesjonsavgift som vert innbetalt av Bergenshalvøens kommunale kraftselskap (BKK) i medhald av konsesjonsvilkåra for Matre- og Haugsdalsvassdraga.
- Renter og annan avkastning av fondskapitalen

Avkastninga kan nyttast til tilskot og/eller lån.

## § 2 Føremål

Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale tiltak som tryggjer og aukar busetnaden i Masfjorden kommune.

Prosjekt som har til føremål å betra vilkåra for sysselsetjing av ungdom og kvinner bør prioriterast.

Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld eller til den daglege drifta av verksemdar og kommunen.

Verksemdar som mottar vesentleg overføringar frå statsbudsjettet bør ikkje prioriterast.

Fondet's midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar.

## § 3 Former for stønad

Stønad gjennom kraftfondet kan gjevast i form av tilskot eller lån.

Vidare er det høve til å stilla garantiar for kommunale tiltak i den grad desse er gyldige garantiføremål etter kommunelova § 51 og føresegnene for kommunale garantiar.

Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private bedrifter. Dersom kommunen teiknar aksjar, kan ikkje dette utgjere meir enn 30% av aksjekapitalen i bedrifta. Denne avgrensinga gjeld ikkje utviklingselskap, utleigebygg o.l. som kommunen etablerer i samarbeid med private interesser.

Det er ikkje høve til å søkje om støtte til same prosjekt kor kommunen har fatta vedtak tidlegare

Tilskot gjennom kraftfondet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varige driftsmiddel/ verksemd/tilskotgrunnlag før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tid som er gått – til dømes vil sal etter 3. året tilseie at kommunen skal ha tilbakeført 2/5 av tilskotet.



#### § 4 **Forholdet til internasjonale plikter på statsstøtte området**

Bruken av kraftfondet skal vera i samsvar med det internasjonale reglane Noreg har slutta seg til på statsstøtte område (dvs. EØS-avtalen sitt regelverk for offentleg støtte) jf. rettleiar frå Nærings- og handelsdepartementet av 5.01.2001.

#### § 5 **Vilkår for stønad**

Samla finansiering frå kraftfondet til private næringstiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt.

Ved bedriftsutvikling kan det gjevast inntil 75% finansiering til prosjekt som har særleg verknad for ungdom og kvinner, og ved nyetablering kan det gjevast inntil 75% støtte”.

Stønad (tilskot og eventuelle subsidiar i samband med lån med redusert rente) skal vere avgrensa til:

Maksimal stønad må liggje innanfor ei samla grense på 100 000 ECU (omrekna i høve til referansekurs fastset av ESA - EFTA overvakingsorgan kvart år) til ei og same bedrift i ein tre års periode.

Bedrift som mottar stønad plikter å opplyse om bagatellmessig stønad bedrifta har motteke dei siste tre åra.

- Bagatellmessig stønad kan gjevast alle bedrifter uavhengig av storleik
- Det kan gjevast bagatellmessig stønad til alle typar kostnader og næringar, unnateke stønad til primær stålproduksjon, skipsbygging, transport og eksport

Dersom fondsstyre i kommunen ynskjer eit kraftfond utan avgrensingane som reglane om bagatellmessig stønad gjev, må kommunen sjølv ordne med at tiltaket vert meldt til Nærings- og handelsdepartementet, via Kommunal- og regionaldepartementet i samsvar med Lov om offentleg stønad § 2.

#### § 6 **Forvaltning**

Kommunestyret nemner opp styre for kraftfondet. Kraftfondsstyret er for tida identisk med formannskapet. Styret kan delegera avgjerdsrett til administrasjonen etter nærare gitte fullmaktsgrenser. Slik mynde kan ikkje gå ut over dei avgrensingar som følgjer av kommunelova sine reglar og dei kommunale budsjett- og rekneskapsføresegner.

Fondsmidlane skal plasserast på rentebærande konto, slik at midlane til ei kvar tid er til rådvelde.

Rente og avdrag utlån skal attende til kraftfondet. I særlege høve kan Kommunestyret gjera unntak for heile eller deler av renta.

Annan plassering av fondsmidlane kan berre godtakast dersom dette ikkje er til hinder for at midlane kan disponerast til ei kvar tid.

Når det gjeld høve til å klage på avgjerder syner ein til § 59 i kommunelova (lovleg-kontroll) og forvaltningslova § 28 andre ledd (klage på enkeltvedtak). Klagefrist er 3 - tre - veker etter at vedtaket er gjort.

#### § 7 **Årsmelding**

Det skal leggjast fram ei melding om kraftfondet si verksemd for kommunestyre kvart år. Gjenpart av denne årsmeldinga skal sendast Fylkesmannen og fylkeskommunen.

#### § 8 **Godkjenning av vedtektene**

Kommunestyre skal gjera vedtak om endring av vedtektene.

Vedtak om endring av vedtektene for kraftfondet skal godkjennast av Fylkesmannen i Hordaland.

Kopi av godkjende vedtekter vert å sende Fylkeskommunen/innovasjon Noreg.



# RETNINGSLINER FOR BRUKEN AV KRAFTFONDET

## Til § 1 Kraftfond - Heime, kapital og avkastning

Grunnkapitalen på kr. 1.000.000,- vert plassert i bank eller finansinstitusjon på best mogleg vilkår.

Midlar frå kraftfondet kan setjast av til garantifond, når det vert gjeve garanti for kommunale tiltak. Styret for kraftfondet kan gje garantiar for opp til kr. 500.000,- av fondskapitalen. Vilkåret er at garantien er gyldig etter § 51 i kommunelova.

## Til § 2 Føremål

Det overordna målet med å bruka kraftfondet er å bidra til sikring og vidareutvikle eksisterande verksemder, fremja etablering av nye verksemder og å sikra og auka busetnaden i kommunen.

Som del av kommuneplanen skal det lagast ein eigen næringsplan. Denne skal gje grunnlag for prioritering av prosjekt. Næringslivet i kommunen bør trekkjast aktivt med i utarbeidinga av ein slik plan. Planen skal innehalde strategiar for kommunen sin kvinne- og ungdomsretta tiltaksarbeid.

Eksempel på prosjekt som kan få stønad:

- **Kommunalt tiltaks- og næringsarbeid**  
til dømes: næringsplanlegging, etableringsprosjekt, samarbeid skule/næringsliv og stadutviklingsprosjekt.
- **Fysisk tilrettelegging for næringsverksemd**  
til dømes: kommunal tilrettelegging av næringsarealer, fysisk stadutvikling, infrastruktur for reiseliv, vassforsyning.
- **Bedriftsutvikling**  
til dømes: etableringsstipend, opplæring, produktutvikling, marknadsføring, marknadsundersøking og planlegging.
- **Investering i bedrifter**  
til dømes: utstyr, maskiner og bygningar ved oppstart og utviding av bedrifter.
- **Ungdom, utdanning og arbeid**  
til dømes: Støtte til private verksemder som tek inn lærlingar i yrkesretta fag.

### Beløpsgrenser for støtte gjennom kraftfondet;

- |                     |               |
|---------------------|---------------|
| • Bedriftsutvikling | kr. 40.000,-  |
| • Investeringar     | kr. 200.000,- |
| • Utlån             | kr. 500.000,- |

**Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt. For større prosjekt (samla kapitalbehov utover 500.000,-) skal søkjar først avklare mogleg støtte gjennom innovasjon Noreg eller andre regionale støtteordningar, før kraftfondet tek saka opp til handsaming.**

Kraftfondet kan og nyttast til utbygging av kommunale fellestiltak som kommunikasjonar, barnehagar, skular, helse- og sosialinstitusjonar, samfunnshus og idrettsanlegg. Til desse formåla kan fondet nyttast til støtte investeringar, ikkje drift. Kommunen bør prioritere kraftfondet til direkte næringsutvikling framfor denne typen kommunale fellestiltak.

Ved ein eventuell samfinansiering med midlar frå andre støtteordningar, kan samla offentleg stønad ikkje overstige stønadsdel som er fastset i § 5.



### **Tiltak som ikkje skal gjevast stønad over kraftfondet:**

- Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld i private bedrifter. Dette set ikkje hindringar for at kraftfondet kan nyttast til refinansiering av ei bedrift etter føreteke gjeldssanering.
- Det kan heller ikkje gjevast stønad til løpande drift av kommunen. Unnateke løn til næringsarbeid, som kan finansierast av fondet. Vidare kan det gjevast stønad til ekstraordinære kommunale tiltak som i utgangspunktet er lagt til andre forvaltningsinstansar som for eksempel Einekavane AS. Avdrag på lån vert ikkje rekna som løpande drift av kommunen.
- Transportmiddel (bil, varebil, lastebil, traktor etc.) fell i utgangspunktet utafør det som kraftfondet gjev støtte til.

Ut over dei prioriteringar som er gjort i strategisk næringsplan, bør all næringsverksemd likestillast. Kommunen bør derimot ikkje gje stønad til næringsverksemd som mottar store overføringar over statsbudsjettet.

### **Til § 3 Former for stønad**

- a. Stønad til nyetableringar skal i hovudsak gjevast som tilskot eller lån på visse vilkår, under dette ansvarleg lånegjeld. Storleiken på tilskota og/eller lån skal vurderast ut i frå samla kapitaltrøng og tilgang på andre distriktpolitiske verkemiddel.
- b. Garantiar kan berre gjevast dersom desse kan godkjennast etter § 51 i kommunelova.
- c. Kraftfondet bør ikkje nyttast til å teikne aksjar og andeler i privat næringsverksemd. Kommunen kan fort komme i ein uheldig dobbelrolle som ansvarleg for både investering/drift og tilskot/lån.

### **Til § 4 Forholdet til internasjonale plikter på statsstøtte området og § 5 Vilkår for stønad**

Ei øvre ramme for stønadsbeløp pr. prosjekt må haldast innafor dei maksimale rammene som følgjer av ESA statsstøttereclar. Gjennom EØS- avtalen har Noreg forplikta seg til å avstå frå å yte konkurransevriane offentleg stønad til næringslivet i den grad stønaden påverkar samhandelen mellom EØS- landa. Definisjonen offentleg stønad dekkjer stønad gjeve frå offentlege kjelder anten desse er statlege, fylkeskommunale eller kommunale. Reglane om offentleg stønad vil derfor regulere bruken av kraftfond når fonda nyttast til stønad til bedrifter. Stønad til prosjekt i kommunal regi, som nærings- og tiltaksprosjekt og infrastruktursprosjektar fell ikkje inn under reglane om offentleg stønad. Sentralt i reglane om offentleg stønad er kravet om stønadsordningar skal meldast inn og/eller eventuelt notifisert av EFTA's overvakingsorgan. I Noreg samordnar Nærings- og handelsdepartementet slik innmelding til overvakingsorganet. Innafor godkjent stønadsordning vil det normalt ikkje vere nødvendig å melde inn enkeltvedtak om stønad.

Kommunen har under § 5 i vedtektene for Masfjorden kraftfond gått inn på bagatellmessige stønadsordningar. Bagatellmessige stønadsordningar skal meldast til ESA, og krev ingen årleg rapportering.

Reglane om bagatellmessig stønad seier at ei bedrift kan motta inntil 100.000 ECU (omrekna i høve til referansekurs fastset av ESA - EFTA overvakingsorgan kvart år)

til ei og samme bedrift i ein tre års periode frå det tidspunkt ei bedrift er tildelt bagatellmessig stønad. Ein må difor ta omsyn til all tildelt bagatellmessig stønad for ei bedrift innafor siste tre års perioden og som er blitt definert som bagatellmessig stønad. Det kan gjevast bagatellmessig stønad til alle typar kostnader og næringar, unnateke støtte til primær stålproduksjon, skipsbygging, transport og eksport.

Med stønad til eksport tenkjer ein på, stønad som kan koplast direkte til mengde eksporterte varer frå bedrifta, etablering og drift av eit distribusjonsnettverk.



Det kan gjevast stønad til følgjande tiltak i samband med eksport:

- Rådgeving for identifisering av bedrifta sine behov og val av tenester
- Kompetansegevande tiltak
- Utarbeiding av eksportmarknadsplan
- Studiar eller konsulenttenester som vil vere nødvendig for å lansere eit nytt produkt eller eit eksisterande produkt på eit ny marknad
- Marknadsundersøkingar/innhenting av marknadsinformasjon
- Deltaking på messer

Lån frå kraftfondet skal sikrast med pant i fast eigedom, leigerett med driftstilbehøyr, maskiner eller salspant. Rente på lån frå kraftfondet skal følgja Husbankens lågaste flytande rente

## Til § 6 Forvaltning

- a. Formannskapet er styre for kraftfondet, og vert delegert avgjerdsmynde i alle saker. Formannskapet kan vidare delegere mynde til rådmannen. Søknad om tilskot over kr. 50.000 og lån over kr. 100.000,- skal likevel handsamast av kommunestyre.
- b. Søknader kraftfondet skal skje elektronisk – skjema finn ein på kommunen si heimeside på internett [www.masfjorden.kommune.no](http://www.masfjorden.kommune.no) og alle søknader vert å sende [postmottak@masfjorden.kommune.no](mailto:postmottak@masfjorden.kommune.no). Saksførebuinga til styret for kraftfondet vert delegert til rådmannen i samsvar med § 23 i Kommuneleva. Rådmannen kan intern delegere mynde.
- c. Alle søkjarar til kraftfondet skal verta invitert til kraftfondsstyret eller Kommunestyret for å få presentert sin prosjekt/forretningssideen sin.
- d. Etter tre år skal søkjar som har motteke lån/tilskot få eit evalueringsskjema der dei vurderer kommunen sin medverknad i høve til lån eller tilskot og kva servicenivået har betydd for dei.
- e. Budsjett og rekneskap skal integrerast i kommunen sitt økonomisystem i samsvar med gjeldande føresegner. I tillegg forutset ein at det vert utarbeid eit vedlegg til rekneskapen med ein samla oppstilling av kraftfondet sine inntekter og utgifter. I budsjettet skal Kommunestyret konkretisere sum frie fondsmidlar til tildeling i form av hhv. lån og tilskot
- f. Mindretalet i kraftfondsstyret kan bringe organet sitt vedtak inn for kommunestyre

## Til § 7 Årsmelding

Kvart år skal det leggast fram for kommunestyret ei melding om bruken av kraftfondet.

Årsmeldinga for kraftfondet skal innehalda:

- Rekneskap
- Oversyn over prosjekt
- Analyse over korleis fondet er nytta sett i høve til prioriteringa i strategisk næringsplan
- Trong for endringar i prioriteringar/retningsliner for bruken av kraftfondet for neste år

Søkjarar som har motteke lån til prosjekt skal sende inn årsmelding til styret for kraftfondet årleg inntil lånet er nedbetalt/innfridd innfridd og søkjarar som har vorte tildelt tilskot gjennom kraftfondet skal sende inn rekneskap/årsmelding for det aktuelle år tilskotet vart utbetalt med tilbakemelding om kva betydning tilskotet hadde for det aktuelle året”.



Tunnel på Matre

# GULEN OG MASFJORDEN UTVIKLINGSSELSKAP AS - NYTT SELSKAP

1. Masfjorden kommune overdrar sine 4443 aksjar i Gulen og Masfjorden Utbyggingsselskap AS for kr. 750,- pr. stk. til Wergeland Holding AS.

2. Kjøpesummen skal nyttast til å teikne aksjar i nytt selskap under etablering: Gulen og Masfjorden Utviklingsselskap AS.

Vedtak fatta av Masfjorden formannskap av 30.07.2008 som sak 60/08 med heimel i Kommunestyresak 59/08 av den 19.06.2008.

## Forhold kring vedtektene i selskapet;

### Vedtak:

- 1) Generalforsamlingen ber om at det nye styret foretar en grundig gjennomgang av hver enkelt paragraf i vedtektene, og utarbeider et begrunnet forslag til eventuelle endringer i disse.
- 2) Begrunnelsen for de enkelte paragrafer, og eventuelle endringer i disse, legges frem for behandling i den ordinære generalforsamling innen 30.06.2009.
- 3) Saksdokumenter i denne forbindelse sendes ut sammen med øvrige saksdokumenter til den ordinære generalforsamling.

### Styret i selskapet;

Irene Kjelby Wergeland  
Trude Brosvik  
Håkon Matre  
Bjørn Falck Russenes  
Steinar Østerbø  
Frode Haugsvær  
Ola Braanaas  
Roald Moi

Kari Skår Sørheim 1. varamedlem  
Anne Marit Brekken Oppedal 2. varamedlem



Aksjeeigarbok for Gulen og Masfjorden utvikling AS viser følgjande fordeling av aksjeeigarane på stiftingstidspunktet;

Aksjonær	Aksjekapital	Tal på aksjar	Pålydande	Emisjonskurs	Overkurs	Eigenkapital	Eigarandel
Gulen kommune	1 111 000	4 444	250	750	2 222 000	3 333 000	20,67 %
Masfjorden kommune	1 110 750	4 443	250	750	2 221 500	3 332 250	20,67 %
SIVA sf.	1 278 250	5 113	250	750	2 556 500	3 834 750	23,78 %
Hordaland fylkeskommune	500 000	2 000	250	750	1 000 000	1 500 000	9,30 %
Sogn og Fjordane fylkeskommune	500 000	2 000	250	750	1 000 000	1 500 000	9,30 %

Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer å omdanne tilskot med 3,5 mill. kr til aksjekapital i selskapet - og vert med det den største eigaren.



# MASFJORDEN NÆRINGSPRIS

## RETNINGSLINJER

### FORMÅL

- § 1 Prisen er meint som ein inspirasjon til næringslivet i kommunen og skal vera eit heidersteikn til verksemda som mottek prisen. Prisen skal verte tildelt ei verksemd som har utmerka seg og alle kan komma med framlegg til kandidatar. Blant kandidatane vel ein oppnemnt komité, vinnaren.

### INNHALD

- § 2 Prisen skal bestå av eit diplom i tillegg til ein pengesum sponsa av Masfjorden kommune.

### KVEN KAN FÅ PRISEN?

- § 3 Krav til verksemder som kan få prisen:  
Alle som leverer næringsoppgåve  
Hovudkontoret må ligge i Masfjorden  
Verksemda må ha vore i drift i eit heilt år og må ha levert årsrekneskap.

### TIDSPUNKT FOR TILDELING

- § 4.a Prisen skal verte tildelt årleg, fortrinnsvis under Kraftspela, eller ved tilsvarande arrangement. Dersom det ikkje er noko høveleg arrangement, skal prisen verta delt ut i løpet av første halvår kvart år.
- § 4.b Dersom komiteen ikkje finn verdige kandidatar, vil det ikkje verta delt ut nokon pris for det aktuelle året.

### FRIST FOR NOMINERING AV KANDIDATAR

- § 5 Alle kan komme med framlegg til kandidatar. Medlemmar av Masfjorden Næringsforum skal kvart år bli oppfordra til å nominera aktuelle kandidatar til prisen. Frist for å komme med framlegg vert sett til 1.mars kvart år.

### TILHØVE SOM SKAL VEKTLÉGGAST VED TILDELING

- § 6.a Følgjande kriterium/ forhold vil bli lagt vekt på ved tildeling av pris:  
Skaper positivt omdømme for Masfjorden  
Evne til omstilling og nytenking  
Skaping av nye arbeidsplassar  
Resultatutvikling  
Arbeidsmiljø  
Kompetanseutvikling  
Serviceinnstilling  
Miljøomsyn

- § 6.b Kriterium for prisen skal godkjennast av årsmøtet for Masfjorden Næringsforum kvart år.

### KOMITÉ FOR TILDELING AV PRIS

- § 7.a Komiteen for tildeling av prisen skal vera samansett av fem personar:  
2 pers frå styret i MNF, valt på årsmøtet for 1 år  
1 person frå Masfjorden kommune, oppnemnd av kraftfondstyret  
Sparebanken vest i Knarvik v/ næringsavdelinga  
Avisa Nordhordland v/ redaktøren
- § 7.b Styret i MNF skal kvart år vera pådrivar for utdeling av Masfjorden Næringspris.

# LOKALSAMFUNNSUTVIKLING I MASFJORDEN KOMMUNE

## - HANDLINGSPLAN OG BUDSJETT

1. Masfjorden kommunestyre tek til orientering om status i pilotprosjektet "Lokalsamfunnsutvikling Masfjorden kommune" til orientering.
2. Masfjorden kommune løyver kroner 1,5 millionar til prosjektet i 2008.
3. Pilotprosjektet "Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden" er kommunen sitt største og viktigaste prosjekt og satsingsområde. Masfjorden kommunestyre ber om skriftleg orientering om framdrift og resultat i prosjektet til kvart møte i kommunestyret.

### Organisering av arbeidsgrupper for delprosjekt i prosjektet:

Delprosjekt	Fokus/ oppgaver	Deltakarar i dei ulike gruppene/ ansvarsfordeling av tema	
		Politisk	Administrativt
Planarbeid	Kommuneplan Reguleringsplanar generelt Strandplan Fjellplan Miljøplan – klima, energibruk, hald Masfjorden ren etc.		Rådmann Rådgjevar Anne Kristin Rafoss
Bustadbygging		Erlend Kvamsdal, Ivar Duesund, Per Einar Langhelle	Rådmann, TML, Tore Svendsen
Lokalsamfunnsutv. Matre	Reguleringsplan Handlingsplan Gjennomføring av tiltak	Frode Langhelle Lise Dyrhovden	Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl Rådgjevar Anne Kristin Rafoss Prosjektmedarbeidar
Samferdsle Matre - Oppgradering av bru på Matre/ ferdigstilling av E39	Oppgradering av brua Kryssing E39 over/ undergang Stenging innkjørsel BKK Av- / påstigningslomme for buss Eventuelt nytt gangfelt Endring av kryss frå E39/ vegen mot Stordalen	Ordførar Håkon Matre håndterer delprosjektet...	
Lokalsamfunnsutv. Sørsida/ Sandnes	Forarbeid reguleringsplan Reguleringsplan Handlingsplan Gjennomføring av tiltak	Tore Helland, Kari Skår Sørheim	Rådgjevar Alf Strand Avdelingsleiar TML Tore Svendsen Oppmålingsingeniør Kjersti Soltvedt Prosjektmedarbeidar Sandnes Vel: Berit Lygre, Sigmund Holmaas, Renè Kårtveit
Samferdsle Sørsida/ Sandnes	Bru over Masfjorden Prosjekt kabelferje Opprusting RV570 Austfjordvegen Nytt kartgrunnlag Bru over Hope/ Mjangersvågen	Ordførar Håkon Matre Leila T. Andvik Karstein Totland Kari Skår Sørheim	Avdelingsleiar TML Tore Svendsen Statens Vegvesen v/ Sindre Lillebø
Lokalsamfunnsutv. Hosteland		Liv Oda Dale Marianne Ulvatn Kjell Løvik Vigdis Søvik Erlend Kvamsdal	Prosjektmedarbeidar Rådmann
Ungdom og kultur	Kraftspela Romjuls møte Samarbeid lag og organisasjonar Oppfølging spørje undersøkinga gjennomført hausten 2006	Frank Kvinge Lene Hansen Ånensen Laila Haukeland Normann Sleire Lillian Andvik Ragnvald Tangedal	Rådgjevar Alf Strand Prosjektmedarbeidar
Næringsutvikling	Strategisk næringsplan Synleggjering av næringslivet Oppfølging, Masfjorden Næringsforum Oppfølging kvinnenettverk Veksthus/rettleggjeing etablerarar Informasjon/ nettsatsing	Ordførar Håkon Matre Wenke F. Ekren Siri Kratzmeier Jon Torsvik	Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsen Prosjektmedarbeidar
Breiband	Breiband Ca. 94 % frlromh., Vidare utbyggjing mot 100%		

# HANDLINGSPLAN OG BUDSJETT

## 2007-2009 REVIDERT NOVEMBER 2007

Delprosjekt	Tiltak	2007 Budsjett	Budsjett revidert jun.07	Tilskot jun.07	2008 Intern finansiering	Eksterne tilskot	2009
Planarbeid	Kommuneplan						
	Reguleringsplanar						
	Strandplan	400 000					
	Fjellplan						
Bustadbygging	Oppfølging/ oppdatering						
	informasjonsmateriell				100 000		100 000
	Private byggefelt	600 000	450 000,-		450 000		450 000
Lokalsamf.utv. Matre	(Reguleringsplan						
	Handlingsplan						
	Gjennomføring av tiltak)	1 800 000	400 000,-	170 000	400 000		400 000
Samferdsle Matre	(Oppgradering av brua						
	Kryssing E39 over/ undergang						
	Stenging innkjørsel BKK						
	Av- påstigingslomme for buss						
	Eventuelt nytt gangfelt						
	Endring av kryss frå E39/ vegen mot Stordalen)						
Lokalsamf.utv.	(Forarbeid reguleringspl.						
Sandnes/ Sørsida	Reguleringsplan						
	Handlingsplan	300 000		søkn. 2008	300 000	søkn. Husb.	300 000
	Gjennomføring av tiltak)						
Samferdsle Sørsida	(Bru over Masfjorden	400 000	400 000,-	400 000	100 000		100 000
	Prosjekt kabelferje						
	Opprusting RV 570	200 000	200 000,-		200 000		200 000
	Nytt kartgrunnlag						
	Bru over Hope/ Mjangersvågen)						
Breiband		240 000			240 000		0
Lokalsamf.utv.							
Nordbygda/ Hosteland		300 000			300 000		300 000
Ungdom og kultur	Kraftspela						
	Romjuls møte						
	Samarbeid lag/ organisasjonar	300 000	100 000		300 000		300 000
	Oppfølging spørjeundersøkinga 2006						
	Ekstraordinære kulturtiltak	100 000	100 000,-		100 000		100 000
Næringsutvikling	Strategisk næringsplan						
	Synleggjering av næringslivet						
	Oppfølging MNF	222 000	222 000,-	222 000	250 000		250 000
	Oppfølging kvinnenettv.	200 000	200 000,-	100 000	200 000		200 000
	Veksthus/ rettleiing etablerare	100 000	100 000		100 000		100 000
	Informasjon/ nettsatsing						
Andre utgifter knytt	Omdømebygging/						
til prosjektet	informasjon/ nettverk	200 000			200 000		200 000
	Administrativt arbeid	200 000			200 000		200 000
	Prosjekt- stilling	400 000	400 000,-		400 000		400 000
	Hordaland fylkeskommune			530 000			
SUM UTGIFTER		0	2 572 000		3 840 000		3 600 000
<b>LØYVINGAR:</b>							
Eksterne tilskot				1 422 000			
Samfjorden kommunestyre				1 200 000	1 500 000		1 200 000
<b>FINANSIERINGSMANKO:</b>				0	2 340 000		2 400 000



# PILOTPROSJEKTET LOKALSAMFUNNSUTVIKLING I MASFJORDEN

Hovudformålet med prosjektet er å stimulere til og å sette i gang tiltak som kan bidra til å nå den overordna målsettinga om auke i folketalet i kommunen. Eit viktig aspekt med satsinga lokalt er at ein har eit langsiktig perspektiv der ein jobbar aktivt og kontinuerleg med dei ulike delprosjekta med intensjon om positiv utvikling i kommunen.

Arbeidet har i 2008 vore forankra både i administrasjonen i kommunen og politisk ved at ei politisk styringsgruppe har samarbeida med administrasjonen om dei ulike delprosjekta i ulike arbeidsgrupper. Den politiske styringsgruppa har kontinuerleg rapportert til Masfjorden kommunestyre. Styringsgruppa består av desse politikarane:

Leila T. Andvik, V – vara: Per Einar Langhelle  
Liv Oda Dale, Ap - nestleiar – vara: Laila S. Reknes  
Kari Skår Sørheim, Krf – vara: Siri Kratzmeier  
Tore Helland, Frp – vara: Willy Borge  
Vigdis Søvik, Sp – vara: Terje Sætre  
Frode Langhelle, H -leiar – vara: Wenke Fredheim Ekren

2008 har dessverre vore prega av at vi har hatt vakanse i prosjektmedarbeidarstillinga halve året. Men vi har likevel kome monaleg lenger med fleire prosjekt. Gruppene som arbeider med kultur og ungdom, bustadbygging, samferdslespørsmål mv har vore jamnt i arbeid. Kommunen har arbeidd mykje med tilrettelegging av bustadfelt, noko som har styrka kommunen sitt omdøme. Oppdatert informasjon om tilgjengelege bustadtomter ligg på kommunen si heimeside. I tillegg arbeidar ein for å legge til rette for bygging av mindre bustadeiningar og utleigebustader på fleire stader i kommunen i samarbeid med næringsliv og private.

## Ungdom og kultur

Eit viktig mål for delprosjektet ungdom og kultur er å skape aktivitet, trivsel og sosialt nettverk for barn og unge. I 2008 har arbeidet med delprosjektet først og fremst vore fokusert rundt Kraftspela 2008. Vidare har det også i 2008 vært gjennomført et ungdomstreff. Elles har ungdom med ujamne mellomrom fått tilsendt egne nyheitsbrev med oppdatert informasjon om det som skjer i kommunen.

## Lokalsamfunnsutvikling Matre

Arbeidet med utviklingsplanar for Matre er i ein avsluttande fase. Før ein kom så langt har ein hatt inne eksterne aktørar, som har bidrege gjennom folkemøte til ein svært inkluderande prosess, samt å auke kommunen sin planleggarkompetanse. Etter motsegnrundar på reguleringsplanen, blir denne no endeleg vedteken i februar 2009. På Matre skal det i 2009 og framover bli gjennomført tiltak knytt til reguleringsplanen, og planuavhengige tiltak gjennom ein handlingsplan. Asplan Viak AS har mellom anna utforma ei skisse til korleis ein kan nytte arealet i sandgrupa- kalla ”Grøn næringspark i Matre.” Det er utarbeidd plan for eit stort leike-og aktivitetsareal rundt Matre skule og idrettsbana på Matre. Kommunen har engasjert seg



i oppfølging av det konkursråka selskapet Matre Eigedom, som eig Matre Hotell, eit verneverdig bygg med stor kulturverdi. Vi er i gang med tiltak/initiativ for å etablera eit veksthus i næringsparken i sandgrupa på Matre, og har kontakt med det nyetablerte utviklings-selskapet for Masfjorden og Gulen og Mongstad næringshage. Vi må også nemna utviklingsarbeidet i Stordalen, der kommunen er medeigar i det nyetablerte selskapet Stordalen Skisenter og vidare er engasjert gjennom kraftfondet i forprosjekt for bygging av hotell i Stordalen. Kommunedelplan for Stordalen er utarbeidd og vedteken i samarbeid med Høyanger kommune og gjev eit godt og målretta utgangspunkt for utvikling av Stordalen som natur- og friluftsområde både sommar og vinter.

## Lokalsamfunnsutvikling Sandnes/ Sørsida

Basert på erfaringane på Matre, har ein på Sandnes vald å nytte ein liknande prosess, der ein gjennomfører den innleiande prosessen for å få fram eit framtidssbilete med folkemøte ved hjelp av eksterne aktør, Asplan Viak AS. Dette har vore svært vellukka, og er følgt opp med oppstartmelding for ny reguleringsplan som er annonsert. Arbeidsgruppa arbeidar aktivt med tiltak som kan gjerast uavhengig av reguleringsplan, blant anna er kontakt med Statens Vegvesen oppretta med tanke på diverse utkjørslar, miljøgate og andre trafikk-sikringstiltak. Bustadbygging er eit vesentleg element i prosjektet. På Sandnes har vi store utfordringar med berekraft. Då sjukeheimen vart flytta til andre sida av fjorden, tapte staden mykje aktivitet og mange arbeidsplassar. Nedlegging av lokal bankfilial, flytting av Gjensidige sitt kontor til Knarvik, nedlegging av postkontor, og likningskontor medverkar også i negativ lei. Konsekvensen av dette





syner seg no med stor nedgang i barnetalet i denne skulekrinsen. På den positive sida høyrer etablering av ei vellukka reiselivsverksemd, etablering av kafe, ei aktiv velforening og eit framifrå oppvekstmiljø. Her er og ein stor unytta bygningsmasse for næring/aktivitet i den gamle sjukeheimen.

### Lokalsamfunnsutvikling Hostelnd/ Nordbygda

For utvikling av Hostelnd/Nordbygda er det og vald å halde fram ein utviklingsprosess der ein tek i bruk ekstern konsulentbistand. I 2008 har det i dette delprosjektet vore fokus på forarbeid med arbeidsgruppa for prosjektet, anbudsrunde og avtaleinngåing med konsulent. Det er avgjort at ein på Hostelnd ynskjer å nytte tenester i frå Norconsult AS. Det er planlagt å starte opp med fyrste folkemøte februar 2009. Nordbygda er den delen av kommunen som ligg nærast Sløvåg og Mongstad, og kommunen må posisjonera seg for å dra nytte av den utviklinga og dei arbeidsplassane som er der. Kommunen satsar her førebels mest på å leggja til rette for bustadbygging, etablering og utvikling av service og tenestetilbod til innbyggjarane og elles tiltak som gjev god livskvalitet til dei som alt bur der, og gjer det attraktivt å busetja seg i bygda.


### Næringsutvikling

Eit av hovudmåla med prosjektet var å få engasjert næringslivet i Masfjorden som samarbeidspartar og aktørar i samfunnsutviklinga. Nettverkskredittgruppa vi fekk etablert for kvinner- ”Hodl-jentene” er i full aktivitet. Masfjorden næringsforum likeeins. Det har som i 2007 også i 2008 blitt arbeida aktivt for å få til ei satsing på kompetanseheving, spesielt i IKT, hjå næringslivet i kommunen. Næringsforumet har i samarbeid med Nordhordland Regionråd IKS

og kommunen halde fleire datakurs for medlemmene innan eit breitt spekter av IKT. MNF har eigen heimeside: [www.naeringsforum.org](http://www.naeringsforum.org) og mailadresse: [mail@naeringsforum.org](mailto:mail@naeringsforum.org).

Vidare har styret i næringsforumet regelmessige møte med ordførar og rådmann. Dette fører til positivt informasjonsveksling og er til nytte for alle partar.

Masfjorden Næringspris, eit samarbeid mellom kommunen, MNF, Sparebanken Vest og Avisa Nordhordland, var for fyrste gong delt ut i 2008 og gjekk til Karen M. Sleire (sjå framsida).



# BUDSJETT 2009 – MASFJORDEN KRAFTFOND

vart handsama av Kommunestyret i møte den 11.12.2008, som sak 99/08 –  
og det vart gjort følgjande vedtak : (samrøystes)

## 1. Årsbudsjett 2009 for Masfjorden kraftfond vert fastset slik:

<b>Inntekter:</b>	Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 340 000
	Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-90 000
	Renteinntekter, fondsmidlane	-140 000
	Refusjon Hordaland fylkeskommune	-100 000
	<b>Sum inntekter</b>	<b>-2 670 000</b>
<b>Utgifter:</b>	LVK, reiselivslaget og regionrådet – tilskot/kontigent 2009	200 000
	Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	150 000
	Informasjon/heimesida/Masfjordingen	30 000
	Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
	Sertifikatorordninga	40 000
	Netto tilføring kommunen's driftsbudsjett 32504	40 000
	Tilrettelegging bustadforemål	800 000
	Elevbedrift	30 000
	Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning	10 000
	Landbrukstiltak	100 000
	Andre næringstiltak	250 000
	Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	200 000
	Etableringstilskot	120 000
	Frie fondsmidlar til fordeling	600 000
	<b>Sum utgifter</b>	<b>2 670 000</b>

2. Tildeling av "frie" midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist juni, og behandling av kraftfondsstyre i september. Andre tildeling med søknadsfrist 1. november, og behandling av kraftfondsstyre i desember. Det vert i tillegg opna for å ta opp "hastesaker".

3. Etableringstilskot vert auka til kr. 40.000,- for dei som er under 35 år.